

### Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		13.01.2021
Fylkesutvalet		19.01.2021

### Høyring- Forskrift til trossamfunnslova om forvaltning av kyrkjebygg

#### Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet ser det som positivt at det, som ein overgangsordning, vert utarbeid forskrift som vidarefører dagens ordning med forvaltning av dei kulturhistorisk verdifulle kyrkjene slik at desse vert sikra eit formelt vern også i den nye trussamfunnslova.
2. Fylkesutvalet ber om at § 2 , andre ledd i forskrifta vert endra til:  
«Riksantikvaren, fylkeskommunen og kirkelige organer kan foreslå endringer i listen.  
Fylkeskommunen og kirkelige organer sender sine forslag til Riksantikvaren»
3. Fylkesutvalet ber om at § 2, tredje ledd vert endra til:  
«Forslag om endringer i listen legges fram for berørte eiere, fylkeskommuner, kommuner og kirkelige organer før Riksantikvaren treffer sin beslutning.»
4. Fylkesutvalet ber om at forvaltninga av dei listeførte kyrkjene sine nære omgjevnader vert nedfelt i eige rundskriv.

#### Samandrag

Barne- og familiedepartementet har i brev datert 20.11.2002 sendt «Forskrift om forvaltning av kulturhistorisk verdifulle kirkebygg i medhald av ny trossamfunnlov» på høyring. Forskrifta til trussamfunnslova er ein overgangsordning inntil spørsmål om forvaltning av freda og listeførte kyrkjebygg vert handsama i arbeidet med ny kulturmiljølov. For å kunne sikre heilskapen og kulturmiljøa dei listeførte kyrkjene inngår i, meiner fylkesrådmannen det vil vere behov for å sikre forvaltninga av dei listeførte kyrkjene sine nære omgjevnader gjennom eige rundskriv. Det vi også vere behov for å sikre regional kulturminneforvaltning medverknad i spørsmål som gjeld endringar i lista over kulturhistorisk verdifulle kyrkjer. Fylkesrådmannen kjem med forslag til endringar i forskrifta § 2, 2.og 3. ledd.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen håndskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Barne- og familiedepartementet har i brev datert 20.11.2002 sendt «Forskrift om forvaltning av kulturhistorisk verdifulle kirkebygg i medhald av ny trossamfunnlov, jf. lov 24.april 2020 nr. 31 om tros- og livssynssamfunn (trossamfunnsloven) § 15 annet ledd» på høyring.

Forskrifta om forvaltning av kulturhistorisk verdifulle kyrkjebygg etter trussamfunnlova gjeld dei listeførte kyrkjene. Forskrifta til trussamfunnslova er ein overgangsordning inntil spørsmål om forvaltning av freda og listeførte kyrkjebygg vert handsama i arbeidet med ny kulturmiljølov.

Departementet opplyser at fylkeskommunane ved ein inkurie har falt ut av høyringslista. Då forskrifa skal tre i kraft 01.01.2021, er det ikkje opna for utsett høyringsfrist utover 04.12.2020. Det er oversendt ei administrativ fråsegn til høyringa med etterhald om at endeleg høyringssvar kan innehalde ytterlegegare moment og merknader til høyringa.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet

Vurderingar og verknader

I høyringsforslaget legg Barne- og familiedepartementet opp til ein ansvarsstruktur for dei listeførte kyrkjene som samsvarer med dagens. Etter Forskrift om fastsetting av myndighet mv. etter kulturminneloven av 15. februar 2019 nr. 127. § 2 nr.7 er Riksantikvaren myndigheit etter kulturminnelova i saker som gjeld kyrkjer. Både freda kyrkjer og listeførte kyrkjer vil såleis sortere under Riksantikvaren sitt ansvarsområde som i dag.

### Omgjevnadane til dei listeførte kyrkjene

Fylkesrådmannen merker seg at dei listeførte kyrkjene sine nære omgjevnader ikkje er nærmere omtalt i høyringa eller i forskrifa. Det er problematisk at forskriftsutkastet, ut frå heimelsgrunnlaget i trussamfunnslova § 15 siste ledd, berre kan regulere kyrkjebygga og ikkje omgjevnadane og konteksten desse bygga inngår i. Tiltak innafor dei nære omgjevnadane til dei listeførte kyrkjene kan ha stor innverknad på kyrkestadene sine kulturhistoriske verdiar og opplevinga av desse. Dette vert i gjeldande kyrkjelov fanga opp gjennom avgrensinger i byggeløyve nærmere kyrje enn 60-meter i område med spreidd busetnad, samt i reglar for oppføring, ombygging og utviding m.m. av kyrkjer.

I dag gjev fylkeskommunane uttale til tiltak som berører omgjevnadane til dei listeførte kyrkjene og innhentar samstundes biskopen sin vurdering av tiltaka. Gjennom Riksantikvaren sitt høyringsinnspeil til forskrifa er fylkeskommunane gjort kjende med at biskopen sin myndigkeit til å gje uttale til endringar i kyrkjebygga sine nære omgjevnader, (både dei som er omfatta av plan- og bygningslova og mindre tiltak som fell inn utafor) no vil avviklast som følgje av bortfallet av kyrkjelova.

Fylkesrådmannen meiner det vil vere behov for eit rundskriv som sikrar kulturminnefagleg medverknad i forvaltninga av dei listeførte kyrkjene sine omgjevnader utover det plan- og bygningslova åleine kan sikre. Likeins vil summen av mange små tiltak, som ikkje er søknadspliktige etter plan- og bygningslova, kunne ha ein negativ verknad på omgjevnadane til kyrkjene, noko som ytterlegare understrekar behovet for eit slikt rundskriv.

### Listeføring av nye kyrkjer

Fylkesrådmannen finn det positivt at forskrifa i § 2, tredje ledd regulerer korleis lista over kulturhistorisk verdifulle kyrkjer kan endrast. Listeføring er ei form for vern, og den viktigaste forma for vern av kyrkjer som ikkje er freda. På bakgrunn av den rolla fylkeskommunen har elles i ver neprosessar etter plan- og bygningslova og kulturminnelova, meiner fylkesrådmannen det er naturleg at fylkeskommunen som regional kulturminnemyndigkeit vert involvert i vurderinga av listeføring. § 2, tredje ledd bør difor endrast slik at forslag om endringar i lista også vert lagt fram for fylkeskommunen. I tillegg må fylkeskommunen sjølv kunne kome med forslag til endringar i lista, jf. § 2. andre ledd.

**Økonomi:** Ikke relevant

**Klima:** Ikkje relevant

**Folkehelse:** Ikkje relevant

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):** Framlegg til forskrift om trossamfunnslov svekker regional medverknad i forvaltninga av dei listeførte kyrkjene med tilhøyrande nære omgjevnadar.

#### Konklusjon

Fylkesrådmannen finn det positivt at forskrifta, som no vert utarbeidd som ein overgangsordning, vidarefører dagens ordning med forvaltning av dei kulturhistorisk verdifulle kyrkjene slik at desse vert sikra eit formelt vern også i den nye trussamfunnslova.

Det er også positivt at kyrkjelege organ sjølve kan føreslå nye oppføringer på den statlege lista. Ut frå fylkeskommunen sin rolle som regional kulturminnemyndighet, meiner fylkesrådmannen det er naturleg at slike endringar også vert lagt fram for fylkeskommunen til uttale, samt at fylkeskommunane sjølve kan kome med forslag til endringar i lista. Fylkesrådmannen føreslår difor at § 2, andre ledd vert endra til : «Riksantikvaren, fylkeskommunen og kirkelige organer kan foreslå endringer i listen. Fylkeskommunen og kirkelige organer sender sine forslag til Riksantikvaren» og at § 2, tredje ledd, vert endra til : «Forslag om endringer i listen legges fram for berørte eiere, fylkeskommuner, kommuner og kirkelige organer før Riksantikvaren treffer sin beslutning.»

Fylkesrådmannen meiner vidare at det er viktig å ivareta dei nære omgjevnadane til dei listeførte kyrkjene på ein måte som sikrar heilskapen og kulturmiljøa desse kyrkjene er ein del av. Dette vil vere i tråd med St. melding 16 (2019-2020) «Nye mål i kulturmiljøpolitikken», der regjeringa legg vekt på å sikre forvarleg forvaltning av dei heilskaplege miljøa som kulturminna inngår i. For å sikre at dette vert ivaretake, vil vere behov for at kulturminnefagleg involvering i forvaltninga av dei listeførte kyrkjene sine nære omgjevnader vert nedfelt i rundskriv.